



Slik blir Beinavikjo Brygge sjåande ut når dei 20 første bustadene er klare.

Geir Rusten har no selt alle dei 11 bustadene i byggjesteget ein i Beinavikjo (det gamle bygget). Det stod att å selja den eine av bustadene på toppen, men no er salet skjedd. Neste byggjesteget er sett i gang i desse dagar og arbeidet med dei siste ni bustadene vil gå samanhengande. Det opplyser Rusten til uskedalen.no.

Han verkar litt usikker på når alle dei 20 bustadene vil vera fullførte, men har tidlegare antyda at september 2007 kan vera eit realistisk anslag. Rusten har allereie selt tre av dei ni siste bustadene, men han legg til: - Kontrakt er ikkje skreve enno, men dei tre har forsikra meg at dei ynskjer husvære i Beinavikjo. Og eg masar ikkje på folk!

Prosjektet til Rusten har så langt seld seg sjølv utan nokon heseblesande marknadsinnsats og slik held det tydelegvis fram. Så er da dette også det flottaste og mest spanande prosjektet han har vore med på så langt. Og det er faktisk så langt mest fastbuande som har kjøpt bustader der sjølv om Rusten trudde at prosjektet ville vera mest fristande for utflytta uskedelingar.

I det høge og slanke huset som skal byggjast vendt mot Beinavikjo og som førebels er kalla Naustet blir det fem bustader. Dette huset blir bygt til slutt samstundes med bustadene oppå det bakre parkeringshuset. Det blir fire bustader oppå dei to parkeringshusa.

- Vi skal fullføra bustadene oppå det fremre parkeringshuset først av omsyn til dei som bur i Beinavikjo allereie. Så blir dette huset ståande som ein skjerm mot støy frå resten av prosjektet, seier Rusten.

Han reknar med å halde fram med byggjing av 20 nye husvære når dei 20 første er klare. Det vil skje på dei to nabotomtene som han har kjøpt av familiane Utne og Fotland,

Av Ola Matti Mathisen



Arbeidet med byggjesteg to er no i gang i Beinavikjo. (Foto: Ola Matti Mathisen).